

**Notat**Dato: 07.04.2017  
Arkivsak: 2014/19680-15  
Saksbehandlar: mardixo

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Rapport frå Fjord Norge AS til fylka for 2016**

Fjord Norge AS har i tråd med partnerskapsavtala mellom selskapet og Hordaland fylkeskommune rapportert på Fjord Norge AS sin aktivitet i 2016. Rapporten viser at tilskotet frå fylka er avgjerande for Fjord Norge AS sin gjennomslagskraft. Rapporten viser til at 2016 var eit svært godt både for samla internasjonal turisme til Fjord Norge-regionen, og til Hordaland spesielt. Det er særleg gledeleg at veksten i Hordaland er sterk også ute i distrikta Voss og Hardanger.

Våren 2016 blei det utarbeida ei ny avtale om fylkeskommunal støtte til Fjord Norge AS frå dei fire fylka på Vestlandet. Knytt opp mot utarbeidinga av denne avtala, initierte Hordaland fylkeskommune v/Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling ei juridisk vurdering av om den fylkeskommunale tildelinga til Fjord Norge AS kan sjåast som kjøp av tenester og på den måten er i strid med konkurranselovera. Dette fordi det i andre fylke har blitt reist spørsmål til om fylkeskommunal støtte til eit landsdelsselskap bør sjåast som kjøp av tenester (ref. løyving frå Oslo kommune til Visit Oslo).

Vurderinga, som blei gjort av advokatselskapet Thommessen, slår fast at Fjord Norge AS driv både kommersiell og ikkje-kommersiell aktivitet. For at tildelinga frå fylkeskommunale midlar ikkje skal være i strid med konkurranselovera, må midlane nyttast til den ikkje-kommersielle delen av Fjord Norge AS sin aktivitet. Fjord Norge AS skal derfor dele opp si aktivitet i rapporteringa slik at det kjem klart fram kva som er kommersiell aktivitet. I avtala mellom fylka og Fjord Norge AS kjem det klart fram at dei fylkeskommunale midlane berre skal nyttast til den ikkje-kommersielle delen. For 2017 vil inndelinga av bruken av midlane også komme klart fram i rapporteringa frå Fjord Norge AS. Rapporteringa for 2016 viser ikkje slik inndeling, då denne utgreiinga blei gjort i løpet av året.

Vedlegg: Fjord Norge AS sin rapport til fylka for 2016.